

FISKERIDIREKTØREN

AzK.NZ 412,5 Lodde
BERGEN, 16.2.1984
AV/AN

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

J. 33/84.

FORSKRIFTER OM REGULERING AV VINTERLODDEFISKET I BARENTSHAVET I 1984.

Med heimel i lov av 25. juni 1937 om sild- og brislingfiskeriene § 37 og kgl. res. av 16. desember 1983 om regulering av vinterloddefisket i Barentshavet i 1984 § 15 har Fiskeridepartementet 14. februar 1984 fastsatt følgjande forskrifter:

I

I forskrifter om regulering av vinterloddefisket i Barentshavet i 1984, fastsett ved kgl. res. av 16. desember 1983 gjer ein fylgjande endringar:

§ 11 tredje ledd (nytt) skal lyde:

Loddefangstar kan innehalde inntil 10 % sild av vekta i kvar landing.

§ 11 fjerde ledd (nytt) skal lyde:

Fiskeridirektøren kan stengje områder dersom innblandinga av sild overstig 10 %.

II

Desse forskrifter trer i kraft straks.

Etter dette har forskriftene følgjande ordlyd:

FORSKRIFTER OM REGULERING AV VINTERLODDEFISKET I BARENTSHAVET I 1984.

Med heimel i § 6 jfr. § 8 og § 10 i lov 16. juni 1972 om reguleringa av deltakinga i fisket, jfr. § 5 i lov 20. april 1951 om fisket med trål og § 4 i lov 17. juni 1955 om saltvannsfiskeria er det ved kgl. res. 16. desember 1983 og med endringar gjort av Fiskeridepartementet 16. januar og 14. februar 1984 fastsett følgjande forskrifter:

§ 1

Det er forbode å fiske lodde i det nordaustlege Atlanterhavet og i Barentshavet.

Utan hinder av forbodet i første ledd kan norske farty frå den tida Fiskeridirektøren fastset og fram til 30. april 1984 fiske inntil 3.710.000 hl lodde

Av kvoten i andre ledd kan:

- farty med ringnotkonsesjon fiske inntil 2.720.000 hl.
- ringnotfarty under konsesjonsgrensa fiske inntil 170.000 hl.
- loddetrålarar fiske inntil 820.000 hl.

Fiskeridirektøren kan stoppe fisket i kortere tid for å sikre produksjon av konsumlodde.

§ 2

Kvantumet fastsett i § 1, tredje ledd bokstav a og b vert fordelt av Fiskeridirektøren på dei deltagande farty med følgjande basiskvotar:

- 1000 hl + 40 % av godkjent lastekap. fra 0-4000 hl
- + 20 % av godkjent lastekap. fra 4000-6000 hl
- + 10 % av godkjent lastekap. fra 6000-10000 hl
- + 5 % av godkjent lastekap. over 10.000 hl

Kvoten for det einskilde fartyet kjem fram ved å multiplisere basiskvoten for fartyet med den faktoren ein får ved å dividere gruppekvoten i § 1 tredje ledd bokstav a eller b med summen av basiskvotane for fartya i dei respektive gruppene.

§ 3

Den som skal delta med ringnotfarty under konsesjonsgrensa må ha levert lodde fiska med ringnotfarty under konsesjonsgrensa i minst eitt av åra frå 1981 til 1983.

Det kan i særlege tilfeller dispensesast frå regelen i første ledd.

§ 4

Fiskeridirektøren kan fordele kvantumet fastsett i § 1, tredje ledd bokstav c på dei deltakane trålarane med like store kvote innan følgjande grupperingar:

- a) farty med lastekapasitet under 1000 hl.
- b) farty med lastekapasitet mellom 1000-1499 hl.
- c) farty med lastekapasitet mellom 1500-1999 hl.
- d) farty med lastekapasitet mellom 2000 hl - 2499 hl.
- e) farty med lastekapasitet over 2500 hl.

§ 5

Farty som skal delta i fisket må snarast og seinast innan 24. desember 1983 melda seg på til Feitsildfiskernes Salgslag, Trondheim eller Harstad eller Noregs Sildesalslag, Bergen.

Det er forbode for farty som ikkje er påmelde å delta.

§ 6

Farty som ikkje har teke til med å fiske innan 3. mars 1984 kan ikkje delta i fisket.

Fiskeridirektøren kan dispensere frå kravet om siste startdato i første ledd.

Fiskeridirektøren kan fordele mogelege udisponerte kvanta for konsumføremål.

§ 7

Lastekapasiteten for trålarar og ringnotfarty under konsesjonsgrensa vert fastsett på grunnlag av største leverte einskildfangst av lodde, augepål eller tobis i eitt av åra 1981-1983.

Dersom eit farty ikkje har levert fangstar som fastsett i første ledd fastset Fiskeridirektøren lastekapasiteten på grunnlag av berekna volum av lasterom.

§ 8

Ingen ringnotfarty kan levere større last pr. tur enn det som er fastsett i konsesjonsvilkår for fartyet. På to av turane kan farty likevel innanfor ramma av fartykvoten levere inntil faktisk lastekapasitet.

For farty som frys inn lodde på feltet og som ved avslutinga av ein produksjonstur ikkje får levert heile fryselastra, skal den fryselastra som vert innmeldt for turen leggjast til grunn ved avgjerda av om fartyets konsesjonskapasitet er overskriden. På etterfølgjande turar vert denne overstårte fryselastra ikkje rekna med ved berekninga av turlasta. Farty vil ikkje kunna føra prov for at produsert kvantum på ein tur var mindre enn innmeldt kvantum på vedkomande tur.

§ 9

Kvantumet det einskilde farty kan fiske, kan ikkje overførast til anna farty, men må fiskast og leverast av det fartyet som har kvote.

Fiskeridirektøren kan etter søknad ved forlis, havari o.l. dispensere frå forbodet i første ledd.

§ 10

Ved rognloddeproduksjon er omrekningsfaktoren 2,0 slik at 1 tonn rognlodde vert avrekna med 2 tonn (=20,62 hl) på fartykvoten.

Ved lodderognproduksjon er omrekningsfaktoren 7,58, slik at 1 tonn lodderogn vert avrekna med 7 58 tonn (=78,14 hl) på kvoten.

Levering av fakslodde og kapp frå konsumproduksjon vert ikkje avrekna på vedkomande fartykvote.

Levering nemnt i tredje ledd må kontrollerast av Fiskeridirektoratets kontrollverk, og førast særskilt på sluttsetelen.

§ 11

Det er forbode å fiske eller ha om bord lodde under 11 cm.

Utan hinder av forbodet i første ledd kan kvar landing ha inntil 10 % i tal av lodde under minstemålet.

Loddefangstar kan innehalde inntil 10 % sild av vekta i kvar landing.

Fiskeridirektøren kan stengje områder dersom innblandinga av sild overstig 10 %.

§ 12

Fiskeridirektøren kan gje nærmere forskrifter om gjennomføring og utfylling av desse forskriftene.

§ 13

Det er forbode å føre i land eller omsetje lodde fanga i strid med reglar gjevne i eller med heimel i desse forskriftene.

§ 14

Fiskeridepartementet kan endre desse forskriftene.

§ 15

Aktlause eller forsettelege brot av reglar gjevne i eller med heimel i desse forskriftene vert straffa med bøter.

§ 16

Desse forskriftene trer i kraft straks.
